

Notat

Frå: Næringsavdelinga

Til: Frm stab

Rapport frå eigarutsending - Framtidsfylket

Namn på selskapet: Framtidsfylket as.

Møtte på generalforsamlinga som utpeika utsending frå fylkeskommunen: Jan Heggheim.

Viktige saker/hendingar/planar: vurderer å utvide aksjekapitalen. Dette for å få med fleire aktive eigarar, noko som gjev eit betre grunnlag for å utvikle selskapet vidare. Fylkeskommunen eig 17 av 425 aksjar. Aksjekapitalen er pr i dag kr 425 000.

Hovudtrekk i årsrekneskap og årsmelding:

- Årsmeldinga gjer greie for at aktiviteten som tidlegare år hovudsakleg er innan karrieremesser, trainee-programmet og drift av portalen www.framtidsfylket.no
- Årsresultat på vel kr 43 000

Kor vidt selskapet driv i høve til selskapet til føremål: ja, driv i samsvar med føremålet.

Målet med fylkeskommunen sitt eigarskap, og kort vidt omtala i eigarmeldinga framleis er gjeldande: ja, omtala i eigarmeldinga står seg framleis.

Kor vidt fylkeskommunen sitt eigarskap framleis er føremålstenleg: ja, framleis føremålstenleg.

Korleis ev styringssignal frå fylkesutvalet er tekne i mot av selskapet: på generell basis kan vi seie at selskapet er mottakleg for innspel og styringssignal.

Ev endringar som bør tilseie skifte i utsending frå fylkeskommunen: nei.

Selskapet sitt etiske regelverk og implementering av desse i selskapet: ikkje grunnlag for å tru anna enn at selskapet si verksemd er i samsvar med fylkeskommunen si eigarmelding med tanke på etikk og samfunnsansvar.

Vedlegg

- Innkalling til generalforsamling
- Årsmelding for 2013
- Rekneskap for 2013

